



Kommunereform

Firda kommune

Felles formannskap

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:
15/735-19-ØH-002

Dato:
10.11.2015

Kommunereform Firda kommune, referat frå felles formannskapsmøte 06.11.15

Tidspunkt : Fredag 06.11.15 kl 08.30 – 14.45
Stad : Scandic Sunnfjord Hotel og Spa
Møteleiing : Mathias Råheim, Oddvar Flæte og Jan Øhlckers.

Utsendt dagsorden

Tidspunkt	Kva	Kven
08.30 – 08.35	Velkommen	Regionrådsleiar i SiS
08.35 – 08.55	Informasjon v/ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Gunnar O. Hæreid
08.55 – 09.15	Hovudtrekk i utfordringsdokumentet Lett gjennomgang av intensjonsavtalane Dilemma ein står framføre ved ei eventuell folkerøysting	Oddvar Flæte Jan Øhlckers
09.15 – 10.45	Innbyggjarundersøking: Gjennomgang og drøfting	Opinion v/ Henrik Høidahl
10.45 – 11.00	Pause	
11.00 – 12.00	Informasjon om arbeidet mellom kommunane Andebu, Stokke og Sandefjord	Erlend Larsen, ordførar i Stokke kommune
12.00 – 12.45	Lunsj	
12.45 – 14.00	Kommunevise formannskapsmøte	Ordførarane Prosjektsekretariatet Oddvar Flæte Jan Øhlckers
14.00 – 14.55	Kvar kommune melder tilbake til plenum	Ordførarane Mathias Råheim Øystein Høyvik Oddvar Flæte Jan Øhlckers
14.55 – 15.00	Vegen vidare	Regionrådsleiar i SiS

Referatet blir gjennomgått og godkjent av styringsgruppa i møte 13.11.15.

Velkommen

Mathias Råheim, regionrådsleiar i SiS ynskte velkommen.

Informasjon v/ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Assisterande fylkesmann Gunnar O. Hæreid sin presentasjon ligg vedlagt.

Gjennomgang av

- Hovudtrekk i utfordringsdokumentet
- Intensjonsavtalane
- Kva dilemma ein står framføre ved ei eventuell folkerøysting

Jan Øhlckers sin presentasjon ligg vedlagt.

Gjennomgang av innbyggjarundersøkinga

- Henrik Høidahl, Opinion as, informerte om funn i innbyggjarundersøkinga
- Rapport og presentasjon ligg vedlagt
- Resultattabellar (excel-filer) vil bli sendt rådmennene i veke 46.

Informasjon om arbeidet mellom kommunane Stokke, Andebu og Sandefjord

- Erlend Larsen, ordførar Stokke kommune, sin presentasjon ligg vedlagt.

Kommunevise formannskapsmøte

Dei kommunevise formannskapsmøte arbeidde med følgjande spørsmål:

1. Vurder resultatet av meiningsmålinga for kommunen
 - a. Bør dei kommunane som har invitert seg sjølve inn i prosessen framleis vere med?
 - b. Kvifor bør din kommune framleis vere med i prosessen?
2. Bør kommunen gjennomføre folkerøysting eller ei ny meiningsundersøking?
 - a. Kva skal i så fall vere tema i folkerøystinga?
 - b. Kan ei meiningsundersøking vere meir demokratisk enn ei folkerøysting?
 - c. Er deling av kommunen aktuelt som alternativ?
 - i. Kva bør kommunen gjere dersom det kjem eit slikt initiativ?
 - ii. Skal eventuell deling også vere tema i ei avrøysting?

Tilbakemelding til plenum frå dei kommunevise formannskapsmøta

Gloppen:

1. Kva viser resultatet av meiningsmålinga for kommunen?
 - a. Innbyggjarundersøkinga syner at det ikkje er grunnlag for at Gloppen deltek vidare
 - b. Gloppen kommunestyre vil gjere vedtak om å ikkje delta vidare
 - c. Gloppen vil følgje med på kva som skjer vidare i Indre Sunnfjord
2. Bør kommunen gjennomføre folkerøysting eller ei ny meiningsundersøking?
 - a. Gloppen ser føre seg å gjennomføre folkerøysting
 - b. Evt folkerøysting bør gjennomførast på same tidspunkt, og med same spørsmål i alle deltakande kommunar.

Flora:

1. Kva viser resultatet av meiningsmålinga for kommunen?
 - a. Innbyggjarundersøkinga syner at det ikkje er grunnlag for at Flora deltek vidare
 - b. Flora bystyre vil gjere vedtak om å ikkje delta vidare
 - c. Sjølv om Flora kommune ikkje deltek vidare, gir dei uttrykk for at det gode samarbeidet som har blitt etablert må bevarast og vidareutviklast
2. Bør kommunen gjennomføre folkerøysting eller ei ny meiningsundersøking?
 - a. Flora kommune har gjort vedtak om gjennomføring av folkeavrøysting.

Solund:

1. Kva viser resultatet av meningsmålinga for kommunen?
 - a. Undersøkinga viser eit klart fleirtal for å stå aleine
2. Trass i svara i innbyggjarundersøkinga ynskjer Solund å delta vidare i høve Hafs-alternativet
3. Solund ynskjer at alternativa i Indre Sunnfjord og Hafs arbeider samordna også i det vidare.

Jølster:

1. Kva viser resultatet av meningsmålinga for kommunen?
 - a. Ikkje grunnlag for gå vidare i høve alternativa med 10 og 5 kommunar
 - b. Grunnlag for å gå vidare i høve alternativet i Indre Sunnfjord («liten SiS)
2. Bør kommunen gjennomføre folkerøysting eller ei ny meningsundersøking?
 - a. Jølster kjem til å gjennomføre rådgjevande folkerøysting
 - b. Vurderer det ikkje som aktuelt å opne for deling av kommunen i ei rådgjevande folkerøysting.

Hyllestad:

1. Kva viser resultatet av meningsmålinga for kommunen?
 - a. Ikkje grunnlag for gå vidare i høve det store alternativet
 - b. Grunnlag for å gå vidare i høve Hafs-alternativet
 - c. Hyllestad ynskjer at alternativa i Indre Sunnfjord og Hafs arbeider samordna også i det vidare
2. Bør kommunen gjennomføre folkerøysting eller ei ny meningsundersøking?
 - a. Hyllestad kjem til å gjennomføre rådgjevande folkerøysting, men vurderer at ein må vente til nytt inntektssystem er kjent
 - b. Vurderer det ikkje som aktuelt å opne for deling av kommunen i ei rådgjevande folkerøysting.

Gaular:

1. Kva viser resultatet av meningsmålinga for kommunen?
 - a. Ikkje grunnlag for gå vidare i høve alternativa med 10 og 5 kommunar
 - b. Grunnlag for å gå vidare i høve alternativet for Indre Sunnfjord
2. Bør kommunen gjennomføre folkerøysting eller ei ny meningsundersøking?
 - a. Gaular kjem til å gjennomføre rådgjevande folkerøysting
 - b. Vurderer det ikkje som aktuelt å opne for deling av kommunen i ei rådgjevande folkerøysting.

Naustdal:

1. Kva viser resultatet av meningsmålinga for kommunen?
 - a. Ikkje grunnlag for gå vidare i høve alternativa med 10 og 5 kommunar
 - b. Grunnlag for å gå vidare i høve alternativet i Indre Sunnfjord («liten SiS)
2. Bør kommunen gjennomføre folkerøysting eller ei ny meningsundersøking?
 - a. I utgangspunktet ser Naustdal føre seg å gjennomføre folkerøysting, men vil vurdere å gjennomføre ny meningsmåling
 - b. Vurderer det ikkje som aktuelt å opne for deling av kommunen

Askvoll:

1. Kva viser resultatet av meningsmålinga for kommunen?
 - a. Ikkje grunnlag for gå vidare i høve alternativet med 10 kommunar
 - b. Kystalternativet lite realistisk
 - c. Grunnlag for å gå vidare i høve Hafs-alternativet
 - d. Askvoll ynskjer at alternativa i Indre Sunnfjord og Hafs arbeider samordna også i det vidare

2. Bør kommunen gjennomføre folkerøysting eller ei ny meningsundersøking?
 - a. I utgangspunktet ser Askvoll føre seg å gjennomføre folkerøysting, men vil også vurdere andre former for innbyggjarhøyring
 - b. Dersom ein endar ut med Hafs-alternativet, kan det bli aktuelt å opne opp for deling i Førdefjordområdet.

Fjaler:

1. Kva viser resultatet av meningsmålinga for kommunen?
 - a. Ikkje grunnlag for å gå vidare i høve alternativet med 10 kommunar
 - b. Grunnlag for å gå vidare i høve Hafs-alternativet
 - c. Fjaler ynskjer at alternativa i Indre Sunnfjord og Hafs arbeider samordna også i det vidare
2. Bør kommunen gjennomføre folkerøysting eller ei ny meningsundersøking?
 - a. Når det gjeld spørsmålet om rådgjevande folkerøysting, har Fjaler ikkje konkludert
 - b. Deling av kommunen har aldri vore tema i Fjaler

Førde:

1. Kva viser resultatet av meningsmålinga for kommunen?
 - a. Ikkje grunnlag for å gå vidare i høve alternativa med 10 og 5 kommunar
 - b. Grunnlag for å gå vidare i høve alternativet i Indre Sunnfjord («liten SiS»)
 - c. Som andre kommunar uttrykkjer også Førde ynskje om at det gode samarbeidet som er etablert må halde fram
2. Bør kommunen gjennomføre folkerøysting eller ei ny meningsundersøking?
 - a. Førde har ikkje tatt stilling til spørsmålet om rådgjevande folkerøysting.

Oppsummert

- Med utgangspunkt i ordførarane sine tilbakemeldingar er det store alternativet med 10 kommunar ikkje lenger aktuelt, men dette må stadfestast av kommunestyra
- Med utgangspunkt i ordførarane sine tilbakemeldingar er alternativet med 5 kommunar i SiS ikkje lenger aktuelt, men dette må stadfestast av kommunestyra
- Det er grunnlag for å arbeide vidare med Hafs-alternativet og alternativet «liten SiS»
- Styringsgruppa må i møte 13.11.15 avklare vidare organisering
- Styringsgruppa må i møte 13.11.15 avklare kva spørsmål som må ha ny handsaming i kommunestyra.

Vegen vidare

Mathias Råheim avslutta møtet med å gjenta at styringsgruppa i møte fredag 13.11.15 vil gjere vidare avklaringar.

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Prosjektgruppa
Styringsgruppa

Deltakarliste felles formannskapsmøte 13.11.15

Kommune	Kven	Kommune	Kven	Kommune	Kven
Naustdal	Annlaug Birkeland	Jølster	Ingrid Søyland	Gloppen	Bernt Reed
	Håkon Myrvang		Oddmund Klakegg		Arnar Kvernevik
	Lena Kristin Eliassen		Tom Erik Sandal		Leidulf Gloppstad
	Åsmund Bertelsen		Arve Dvergsdal		Magni Aa Berge
	Anne-Britt Øyra		Jakob Andre Sandal		Bjarte Gangeskar
			Judith Kapstad		Gunnvor A Sunde
			Anders Kristian Sægrov		Venke Kallbotn
					Svein-Ottar Sandal
					Audun Mundal
Fjaler	Nina Yndestad	Askvoll	Aud Kari Steinsland	Hyllestad	Morten Askvik
	Hans Stav		Terje Bjaanes		Geir Helge Nordstrand
	Kjetil Høgseth Felde		Synnøve Rivedal		Harry Mowatt
	Anne Hopland		Kjell Kr Carlsen		Randi Gåsdaal
	Kjetil Fristad		Ole Andre Klausen		Karin Tønning Hatløy
	Gunnhild Berge Stang		Gunnar Osland		
Flora	Hilmar Eliasson	Førde	Jan Taule	Solund	Svein Jardar Utvær
	Bente F. Steindal		Helge Robert Midtbø		Anita Lien Einen
	Bente Nilsen		Ove Varlid		Tom Færøy
	Karianne Torvanger		Ole-Johnny Stubhaug		Linne Lending
	Frank Willy Djuvik		Jarle Øen		Gunn Åmdal Mongstad
	Bengt Solheim-Olsen		Turid Vallestad		
	Anders Ole Sunnarvik		Anne Ma Frimannslund		
	Ola Teigen		Kari Valle		
	Jan Henrik Nygård		Bjørn Harald Haugsvær		
	Arlene Vågene				
	Vidar Grønnevik				
Gaular	Norunn Lunde Furnes				
	Mathias Råheim				
	Anita Eide Kvamme				
	Sølvi Søgner				
	Kari Birkeland				

Namn	Representerer	Funksjon
Gunnar O. Hæreid	Fylkesmannen	Assisterende fylkesmann
Kåre Træen	Fylkesmannen	Prosjektleder
Trond Ueland	Prosjektgruppa	Sekretær SiS regionråd
Øystein Høyvik	Prosjektgruppa	Prosjektleder
Oddvar Flæte	Helgero as	Møteleder/innleder
Per Arne Tveit	Prosjektgruppa	Sekretær Hafslund regionråd
Jan Øhlckers	Vidsyn as	Møteleder/innleder
Ola Hovland	Fjaler	Rådmann
Rolf Bjarne Sund	Flora	Plansjef
Børge Tvedt	Jølster	Rådmann
Elin Kjøsnes Enebakk	Prosjektgruppa	Tillitsvalgt LO (Fagforbundet)
Wenche Kvalvik	Prosjektgruppa	Tillitsvalgt LO (Fagforbundet)
Erik Askeland	Solund	Administrasjonssjef
Håkon Loftheim	Askvoll	Rådmann
Henrik Høidal	Opinion as	Innleder
Erlend Larsen	Stokke kommune	Innleder
Jan Kåre Fure	Gloppen	Rådmanne
Torill A Segtnan	Prosjektgruppa	Tillitsvalgt Akademikerne (Tekna)
Marit Solheim	Prosjektgruppa	Tillitsvalgt YS (Delta)
Øyvind Bang-Olsen	Naustdal	Rådmann
Helge Følid	Gaular	Rådmann
Bente Nesse	Hyllestad	Rådmann
Ole John Østenstad	Førde	Rådmann